




Andaktshaldar Jens Tveit og indremisjonsleiar Jon Harald Kjærland

**Bedehusbasaren, som truleg har like lange tradisjonar som bedehuset, er ei sikker inntektskjelde for huset og Indremisjonen. I kveld vart han avvikla etter det kjende opplegget og ga nesten eksakt det samme utbyttet som i fjor. 2011-talet vart 23841 kroner medan 24000 vart passert i 2010. Det gode resultatet var det både førehandssal og eit frammøte av rundt rekna 50 som sikra.**

Første del av basaren er natuleg nok ein andakt og denne gongen var det pensjonert lærar Jens Tveit frå Etne som heldt eit gripande innlegg.

Sjølve basaren vart avvikla med både åresal, loddssal og bøker slik dei plar gjera det og det var stor spennvidde over gevinstane. Her fann ein alt frå epler frå Eik via hekle sengeteppe til dobbelt vaffeljern, for å nemna 3 døme. Ein stor juladuk leia tankane inn på den føreståande høgtida.



Hilde Legland og Hanne Tungesvik Hauge byr fram årer til andaktshaldar Jens Tveit  
Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Idrettsjenta Ingebjørg Haugland var blant loddseljarane